



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteinkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**

Møtestad: Teams

Dato: 26.07.2024

Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 14/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 16/24	Framlegg - utbetring av sti - Mosnes til Mosdal - Folgefonna nasjonalpark	2023/13365	
ST 17/24	Framlegg - delfinansiering - vedlikehald av bru i Lundal - Folgefonna nasjonalpark - Lundal sameige	2024/10975	
ST 18/24	Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - redusert storleik - Hjortedalen - Valestrand beitesforening	2023/17709	
ST 19/24	Referatsaker		
ST 20/24	Delegerte saker		
DS 16/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - landingsløyve - Buerbreen - Bjørn Buer	2021/9202	
DS 17/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - uttransport av storvilt - Mosdal - Sandvikedal - Hjortedal	2024/8025	
DS 18/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikoptertransport - vøling av bru - Lundal	2024/8026	
DS 19/24	Delegert løyve - Buer landskapsvernområde - helikopter - utskifting av stolper til taubane - vedlikehald - Buerstølen - Bjørn buer	2024/9413	
DS 20/24	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - drone/helikopter - Hersenuten og Ridjbørg - Folgefonna nasjonalpark - skredfarekartlegging - NGU	2022/10242	
DS 21/24	Søknad om oppdatert løyve - batteribytte ved basestasjon - Blåhatten, Gråsåta og Volarusta - Folgefonna nasjonalpark - Vestland bjøllelag AS	2023/7274	

**ST 14/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 15/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2023/13365-0

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 23.07.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	16/24	26.07.2024

Framlegg - utbetring av sti - Mosnes til Mosdal - Folgefonna nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Lundal sameige v/ Magne Langåker løyve til utbetringa som er gjort på deler av stien mellom Mosnes og Mosdal. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. For videre arbeid på stien gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld manuelt arbeid utan bruk av maskiner eller motorisert ferdsel
- Det kan leggjast stein i stien på våte parti.
- Vatn kan leiast ut av stien med enkle steinveiter.
- Enkeltsteinar kan plukkast i og nær stien på ein varsam måte.
- Det skal ikkje brytast stein eller fyllast på massar i stien.
- Ved framtidige behov for større tiltak på stien, skal det sendast ny søknad til Folgefonna nasjonalparkstyre.
- Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente nødvendig løyve frå grunneigarane.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Rapport frå tilsyn av Statens naturoppsyn (SNO), 25. august 2023.
- Ettersendt søknad frå Lundal sameige, 3. oktober 2023.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernombjørde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudalen



Statens naturopsyn fekk sommaren 2023 tips om arbeid på stien langs Mosneselva i Folgefonna nasjonalpark. Etter tilsyn i august 2023, kunne SNO rapportere om at deler av stien som går frå Mosnes inn til garden i Mosdal vart utbetra gjennom påfylling av masser og bryting av stein. Grunneigarane i Lundal sameige sto ansvarlege for arbeidet og hadde ikkje søkt Folgefonna nasjonalparkstyre om løyve. Statens naturopsyn meldte difor saka til politiet, men etter ei tid vart saka henlagt.

Lundal sameige har ettersendt søknad, og nasjonalparkforvaltarane og styreleiar i Folgefonna nasjonalparkstyre var på synfaring 7. mai 2024 for å sjå stien og arbeidet som vart gjort. Fire representantar frå Lundal sameige var til stades under synfaringa.



Figur 1. Utbetringane er utført på deler av stien mellom Mosnes og Mosdalalen i Folgefonna nasjonalpark.



Figur 2. Her er deler av berget som gjorde stien vanskeleg framkommeleg fjerna. I følgje grunneigarane var det naturen sjølv som danna ein sprekk i berget, som dei i ettertid har bråte ut og rydda vekk ifrå stien.



Figur 3. Stien er stadvis steinete og grov og går tett på Mosneselva. Den berer preg av tidlegare utbetring opp gjennom tidene. Stien er stadig utsett for flaum, der elva grep seg lenger inn i kantane og drar med seg massane som dannar berelaget på stien.



Figur 4. Eit parti på stien har tidlegare vore flytta høgare opp etter at elva øydede stien. Her har dei utbetra med påfylling av grusmassar.



Søknad

Ettersendt søknad frå Lundal sameige v/ styreleiar Magne Langåker:

Me takkar for samtale på telefonen, og vil med dette søka om å få utbetra delar av stien mellom Mosnes og Mosdal i Etne kommune i Folgefonna nasjonalpark. Lundal sameige er grunneigar for gards-/bruksnummer 98/2 der denne stien går. Eigarane er etterkommarar etter dei som i si tid bygde stien. Me er stolte over dalen vår, og opptatt av å halda stien vedlike og sikra godt og trygt tilgjenge for ålmenta.

Stien er ujamn, grovt bygt og utsett for slitasje kvart år. Kraftig nedbør, mindre ras og ferdsel av både folk og fe er med på å slita på stien. Beitelaget i Valestrand i Sveio bruker stien kvart år til å driva sauene sine opp i Hjortedalen. Stien blir òg flittig brukt av turgårar og sportsfiskarar i Lundalsvassdraget. I tillegg kjem hjort og andre ville dyr.

Stien går gjennom eit krevjande terreng, og fleire stader går stien langs stup og andre stader med større risiko for ulukker. For vel fem år sidan fall ein av våre eigne og slo seg stygt etter å ha ramla ved stien. Dette enda med henting med luftambulanse og varige mein.

Det er no over 90 år sidan stien blir vesentleg oppgradert med hjelp av arbeidsledige som jobba for kost og losji i dei harde 30-åra. Etter at dalen blei fråflytta på 60-talet, har stien blitt overlaten til seg sjølv og enkelte frivillige som har rydda og ordna nokre stader.

Det me no søker om, er å få utbetra delar av stien med enkel påfylling av grus og legging av stein i trinn i nokre bratte parti. Dette vil me gjera for å betra tilgjenge og hindra erosjon og utglidning ved stien. Me bed òg om å få bryta og fjerna nokre av steinane som gjer ferdsel vanskelegare og meir utsikt. Dette vil berre gjelda nokre enkeltsteinar, og me vil ta omsyn til at det ikkje skal vera synlege spor etter bryting med trollkraft. Utbetrinnga av stien vil følgja tradisjonell byggeskikk.

Verneføremål og lovgrunnlag

Føremålet med Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggjande område med fjell og bre. Dette vil sei å ta vare på verdfull vassdragsnatur, sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar, sikre viktige geologiske førekomstar og sikre verdfulle kulturminne. Ålmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging (jf. verneforskrifta § 2)

I Folgefonna nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (jamfør § 3 punkt 1.1), mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde, (...) utfylling og påfylling av masse, sprenging og boring, bryting av stein, fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging.

I verneforskrifta sitt punkt 1.2. står det at desse reglane ikkje er til hinder for (punkt c) vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruver, klopper, vardar, merking og skilt i samsvar med forvaltningsplanen etter § 5.

Forvaltningsplanen gjer få konkrete føringar på kva som er vedlikehald og kva ein kan regne som standardheving/utbetrinng i nasjonalparken. Etter forvaltar sitt syn, går noko av arbeidet



som er gjort på stien lenger enn kva som kan kallast vedlikehald, då det er trong for tilførsle av stein og grusmassar til stien. Dessutan har det krevd fysiske inngrep i terrenget gjennom boring og bryting av stein. Slikt arbeid må det søkjast om. Utbetring av stiar er ikkje omtalt i verneforskrifta til Folgefonna nasjonalpark, og saka må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og lagt vekt på i saka.

Vurdering

Forvaltar har hatt dialog med styreleiar i Lundal sameige sidan arbeidet vart gjort kjend. Før nasjonalparken vart oppretta har det vore lange tradisjonar i Mosnes for at grunneigarane sjølv har halde stien i hevd. Dette gjeld også vidare inn dalen der den etablerte stien går vidare langs elva til Sandvikevatnet. Lundal-familien har sørga for at stien har vore gangbar og framkommeleg. Grunna tilsig både frå bresmelting og nedbør, har Mosneselva tidvis stor vassføring, noko som har gjeve fleire flaumar i tidlegare år. Til dømes måtte busetjinga på Mosnes tvangsflytta etter flaumen på midten av 60-tallet, og bruva som kryssar elva har opptil fleire gonger vore gjenreist etter at flaumar har reva ho med seg. Det er tydeleg at elva stadig grep seg inn i kantane på delar av stien. I tillegg til verknaden frå elva blir stien utset for slitasje frå kraftig nedbør, mindre ras og ferdsel i området.

Forvaltar ser at stien er utsett for tøffe tilhøve og kan sjå behovet for ei utbetring. Utbetringa på stien har hatt som føremål å sikre tryggleiken og framkomsten for både grunneigarar, turfolk og beitelaget som held tilsyn med sau i Hjortedalen. Det er likevel uheldig at det er gjennomført tiltak i verneområdet utan at dette er avklart i høve til verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark på førehand. Løyve frå nasjonalparkstyret har som føremål å sørge for at tiltaket er i tråd med vernet, og gjev forvaltninga høve til å setje vilkår til utføringa.

Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking og skilt er i tråd med verneforskrifta og treng i prinsippet ikkje noko eige løye før gjennomføring. Delar av arbeidet som er utført på stien er ei standardheving/utbetring som går lenger en kva som er vedlikehald. Dette er døme på inngrep som krev dispensasjon frå vernereglane gjennom nml. § 48, første ledd og første alternativ: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...».* For å gje løye må begge vilkåra i nml § 48 vere oppfylt.

Vurdering av vilkåra etter naturmangfaldlova § 48

For at første vilkår i nml § 48 skal vere oppfylt, må tiltaket ikkje stride mot føremålet med vernet. Stien inn til Mosdal er ein etablert sti markert på kartvedlegget til Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark. Gjennom utbetring og vedlikehald av stien vil ein sikre tilgjenge og høve til friluftsliv for ålmenta. Trygt tilgjenge på stien er også viktig for Valestrand beitesforening som driv sauene til og frå beite inne i Hjortedalen. Forvaltninga er positiv til at ein gjennom sauebruk kan halde oppe beitetrykket i nasjonalparken. Forvaltar vurderer at



utbetringa på stien ikkje strider mot verneføremålet og reknar fyrste villkåret i nml. § 48 som oppfylt.

For at andre vilkår i nml. § 48 skal vere oppfylt, må tiltaket ikkje kunne påverke verneverdiane nemnande. Store delar av området lenger inne i dalen er urørt. Det er av stor verdi å behalde urørte område i nasjonalparken som har lite tilrettelegging. Samstundes berer strekninga frå Mosnes til garden i Mosdal preg av noko meir utbetring og tilrettelegging. Det går ein kraftleidning på tvers av Mosdalen og det er fleire hyttetomter ved elveutløpet i Mosnes i randsonen til der nasjonalparken går heilt ned til fjorden. Tiltaka som det søkjast om er avgrensa til deler av ein etablert sti, og vil etter forvaltar sitt syn ha liten verknad på landskapet eller naturmiljøet. Stien i seg sjølv har vore utbetra ved tidlegare høve og er slik sett ikkje «urørt». Forvaltar vurderer at utbetringa på stien ikkje vil kunne påverke verneverdiane nemnande og reknar andre vilkår i nml. §48 som oppfylt.

Sjølv om begge vilkåra er oppfylt må ein likevel vurdere om det skal gjevast løye i den konkrete saka. Prinsippa i nml. §§ 8-12 skal liggje til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

Når det gjeld krav til kunnskapsgrunnlaget i nml. §8, vurderer forvaltar kunnskapen om naturmangfoldet til å vere god nok. Det er ingen kjente førekomstar av trua artar eller naturtypar i området og forvaltar er kjend med området gjennom synfaringa. Vedlikehald og mindre utbetringar av ein allereie eksisterande sti inn til Mosdal, vil ha lite potensiale for skade på naturmiljøet. Forvaltar vurderer difor krava i nml. § 9 i om å vere føre-var som oppfylt.

Prinsippet i § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er viktig for det totale trykket av vedlikehald og utbetring av stien til Mosdal. Forvaltar kan ikkje sjå at utbetringar på stien vil føre til negative konsekvensar for einskild artar eller økosystem. Den samla belastninga vært vurdert som akseptabel.

Nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar tilseier at vedlikehald og utbetringar må skje på ein mest mogeleg skånsam måte. Bruk av trollkraft til å bryte stein kan reknast som mindre skånsamt. Samstundes er delar av stien i området svært grov og består i stor grad av stein og grunnfjell. Stien går stadvis bratt langs dalsida tett på grunnfjellet (Figur 2 og 3). Her vil det vere vanskeleg å leggje om stien utan store inngrep og det er få alternative løysingar for trygg framkomst utan bryting av stein. Det er òg eit poeng at berget langs den bratte dalsida har tidlegare vore sprengt ut for å lage plass til stien, noko som i prinsippet kan reknast som tradisjonell byggjeskikk for desse delane av stien.

Ved legging av stein i stien krevst det at ein finn stein i terrenget rundt, noko som kan vere eit betydeleg inngrep dersom det ikkje vert gjort varsamt for å skåne vegetasjon og terren. Forvaltaren observerte under synfaringa at det dei fleste stader langs stien finst mykje nyttbar stein. Dersom henting av stein vert gjort varsamt, vil det ikkje medføre problem for ivaretakinga av verneverdiane.

Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar på miljøet som tiltaket kan føre til, jamfør nml § 11. I denne saka vil det først og fremst seie at tiltakshavar er ansvarleg for å rydde opp etter arbeidet, noko tiltakshaver har gjort.



Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaka som er gjort på stien mellom Mosnes og mosdal ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, til å gje løyve til det arbeidet som er utført.

Når det gjeld videre arbeid på stien ønskjer Lundal sameige no å bryte og fjerne nokre enkeltsteiner på stien og fylle på grus og leggje Stein i trinn i nokre bratte parti. Etter å ha gått stien, kan ikkje forvaltar sjå det store behovet for denne typen utbetring utover det arbeidet som allereie er gjort. Deler av stien er enno grov og tidvis krevjande, men ikkje av ein slik grad at det er grunn til påfylling av masser eller bryting av Stein på stien. Likevel vil forvaltar leggje opp til noko videre arbeid på stien gjennom å setje vilkår for vedlikehald. Forvaltar vil òg oppmode Lundal sameige til å ha vidare dialog med nasjonalparkstyret om status kring tilhøva på stien og dersom det skulle bli aktuelt med nye og større tiltak.

Den dynamiske Mosneselva vil vere ei utfordring for stien også i framtida. Dette gjeld særleg der ho går tett på stien og gress seg inn i berelaget (Figur 2 og 3). Løysinga kan vere å sprengje seg vidare inn mot berget, men med endra klima og ein forventning om auka nedbør og hyppigare flaumar er dette truleg ei mellombels løysing. Forvaltar legg vekt på at ein fagleg vurdering frå NVE kring flaumfare og moglege avbøtande tiltak er interessant her.



Arkivsaksnr: 2024/10975-0

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 23.07.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	17/24	26.07.2024

Framlegg - delfinansiering - vedlikehald av bru i Lundal - Folgefonna nasjonalpark - Lundal sameige

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre delfinansierer vedlikehald av bruhaugen i Lundal i Folgefonna nasjonalpark. Finansiering baserer seg på tidlegare praksis knytt til andre brutiltak i verneområda. Det har tidlegare vore løyvd ein prosentdel på 35 % av kostnadsoverslaget (inkl. mva). Basert på kostnadsoverslaget for bruhaugen i Lundal vil dette utgjere ein sum på inntil kr 43 878,-. Finansiering skjer med følgjande vilkår:

- Brua skal vedlikehaldast i tråd med innsendt søknad
- Rapport med biletar som viser utført arbeid skal sendast nasjonalparkstyret på e-post: folgefonna@statsforvalteren.no etter endt arbeid.
- Lundal sameige tek ansvar for vedlikehald og tryggleiksvurdering av bruhaugen.
- Faktura på inntil kr 43 878,- kan sendast til vår elektroniske fakturaadresse EHF: 974760665. Ref: 3850lamkr. Faktura må ha forfall seinast 28.12.2024.

Saksopplysningar

Lundal sameige v/ Magne Langåker ønskjer at Folgefonna nasjonalparkstyre finansierer bruhaugen i Lundal i Folgefonna nasjonalpark. VL Service AS har utarbeida eit kostnadsoverslag på 125 366,- inkl. mva. Prisen inkluderer materialbruk og innleigd fagfolk og er basert på å jekke/løfte bærewire oppe på bruhaugen, bytte ut tverrstokkane til nye i same kvalitet, samt bytte alle dei tynnare wirene på bruhaugen.

Forvaltarar og styreleiar synfarte bruhaugen i Lundal den 7 mai. 2024 i lag med søker. Her kunne ein sjå at bruhaugen hadde starta å sige og er i dårlig stand.

Nasjonalpark Folgefonna Nasjonalpark

Landskapsvernområde Hattebergsdalen

Ænesdalen

Bondhusdalen

Buer

Naturreservat

Langebudaalen



Bileta under er frå kostnadsoverslaget til VL Service AS:



Råte tverrstokk, må bytast før bruа kolapser




Dårleg rekksverk, farleg for folk og dyr



Vurdering

Forvaltar kan sjå behovet å vedlikehalde bruа i Lundal og meiner det er eit naudsnyt tiltak med tanke på tryggleik og framkomst i nasjonalparken. Stien som går inn Mosnesdalen og inn mot Sandvikevatnet kryssar Mosneselva ved bruа i Lundal og er viktig for både grunneigarane, hjortejegerar, elvefiskarar og andre turgåarar. Høve til friluftsliv er eit av verneføremåla til nasjonalparken, og ved å få sikre og vøle bruа vil ein sørge for at folk kjem seg trygt fram på etablert sti. Dette er einaste etablerte sti som går frå Mosnes og inn i Lundalen mot Sandvikevatnet. Verneforskrifta er ikkje til hinder for at ein kan vedlikehalde bygningar og andre eksisterande innrettingar i nasjonalparken.



Figur 1. Bruа i Lundal i Folgefonna nasjonalpark.

Nasjonalparkstyret søker årleg om midlar frå Miljødirektoratet for å gjennomføre tiltak i nasjonalparken. Vedlikehald av bruа i Lundal vart ikkje søkt om på årets budsjett. Det skjer likevel at nasjonalparkstyret har midlar att på slutten av året som kan omdisponerast til andre tiltak. Dette året fekk nasjonalparkstyret ei grunnstøtte i tillegg til tiltaksmidlane. Grunnstøtta kan nyttast der det er behov for vedlikehald og løpende drift. Forvaltaren vurderer vedlikehald av bruа i Lundal til å vere i tråd med dette postføremålet, og meiner det er ei fornuftig bruk av midlane.

Basert på tidlegare praksis har nasjonalparkstyret vore med å delfinansiere brutiltak i verneområda når ein har hatt disponible midlar. Til dømes gjeld dette bruа ved Vatnastøl i Ænesdalen landskapsvernområde og bruа i Buer landskapsvernområde. Her har bidraget frå nasjonalparkstyret vore på 35 % av totalsummen. Forvaltaren meiner det er naturleg å følgje same prinsipp for bruа i Lundal. Her vil 35 % av prisoverslaget for bruа i Lundal utgjere inntil kr 43 878,-. Forvaltaren føreslår at nasjonalparkstyret bidreg med denne summen mot faktura, og at midlane vert trekt frå grunnstøtta på årets budsjett.



Arkivsaksnr: 2023/17709-0

Sakshandsamar: Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Dato: 25.07.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	18/24	26.07.2024

Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - bygging av vedbod - redusert storleik - Hjortedalen - Valestrand beitesforening

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Valestrand beitesforening v/Jofrid Valen løyve til bygging av ei bod ved hovudhuset i Hjortedalen, Mosnes 13 98/1 i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gjeve med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* punkt 1.3 c. For løyvet gjeid følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bygging av vedbod med ytre mål og utforming i samsvar med søknad. Ytre mål: B= 2,7 meter, L= 4,4 meter, H= 3 meter (grunnflate = 11,88 m³).
 - Bygget skal ha liggjande kledning. Kledninga skal ikkje vere impregnert og det skal nyttast tjæralin beis i same farge som hovudhuset.
 - Taket skal vere av bølgeblekk og boda skal ha takutstikk.
 - Bygget skal vere utan vindauge og med ei enkel dør tilsvarende hovudhuset.
 - Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter bygggearbeidet og forsvarleg handtering av avfall.
 - Byggearbeidet skal vere avslutta og plassen rydda for byggjeavfall innan 01.12.2024.
 - Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast med bilete som vert sendt til Folgefonna nasjonalparkstyre på folgefonna@statsforvalteren.no

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om bygging av vedbod, motteken 23.11.2013
 - Dokumentasjon på beitebruk, 14.11.2023
 - Oppdatert søknad med skisseteikningar, datert 28.01. 2024

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen
	Ænesdalen
	Bondhusdalen
	Buer
Naturreservat	Langebudadalen



- Avslag på søknad, jamfør ST 11/24
- Ny søknad med redusert storleik på boda, datert 23.07.2024

Handsaming av førre søknad


Valestrand beitesforening v/ Jofrid Valen har tidlegare søkt om bygging av ei vedbod ved hovudhuset i Hjortedalen, Mosnes 13 98/1 i Folgefonna nasjonalpark. Dei hadde starta bygginga av boda før dei vart klar over søknadsplikta, og måtte ettersende søknad.

Forvaltar la saka fram for nasjonalparkstyret 31.mai 2024 (jamfør ST 11/24).


Nasjonalparkstyret gav då avslag på tiltaket på bakgrunn av at boda var for stor ut ifrå det føremålet som vart gjeve opp.

Ny søknad

Søkjar har no sendt inn ny søknad der dei vil redusere storleiken på boda. Dette vil dei få til ved å ta inn ytterveggane og redusere breidda frå 4 meter til 2,7 meter. Dei ytre måla på boda blir då 2,7 m x 4,4 m. Arealet av vedboda vil då få ei grunnflate på 11,8 m² som er ein reduksjon frå det opphavlege 17,6 m².



Figur 1. Plassering av vedboda i høve til hovudhuset i Hjortedalen i Folgefonna nasjonalpark.



Figur 2: Skisseteikningar med fasadar sør, nord, øst og vest. I ny søknad vil dei ta inn ytterveggane og redusere breidda frå 4 m til 2,7 m.



Figur 2. Boda slik ho står påbegynt i dag ved hovudhuset i Hjortedalen.



Figur 3. Bilete av boda i front, frå synfaring 7.mai 2023. Ved å ta inn ytterveggane inn mot dragarane (berebjelkar til taket) på boda og redusere breidda, vil ein oppnå redusert storleik og leggje opp til takutstikk.

Lovheimel

Saka gjeld oppføring av bygningar i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark, forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Folgefonna nasjonalpark er i utgangspunktet verna mot inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar (Jf. § 3 pkt. 1.1). Det er opning i forskriften for at forvaltingstyresmakta kan gi løyve til oppføring av bygningar i samband med husdyrnæring:

1.3 c) Oppføring av bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, herunder oppattbygging av stølshus. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet.

Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark gjer følgjande føringar:

«Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til å setje opp nye bygningar i samband med jordbruk, skogbruk og husdyrnæring... Forvaltingsstyresmakta kan setje vilkår m.a. om plassering, val av materialar og utforming.

Ved søknad om løyve til å føre opp bygningar og anlegg i samband med husdyrnæring, også gjenreising av stølshus etter pkt. 1.3 c i vernereglane, skal det følge med landbruksfagleg dokumentasjon på at tiltaket trengst.»

Vidare står det som målsetjing at:

- Lovverket bør praktiserast slik at den tradisjonelle landbruksdrifta kan halde fram som før, så lenge ho ikkje kjem i strid med verneføremålet.*



- *Det er ynskjeleg å halde oppe beiting og tradisjonelle stølsområde i nasjonalparken, men utan å gjøre større tekniske inngrep.*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal kome fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Forvaltar har vurdert tiltaket etter verneforskrifta og naturmangfaldlova då saka vart lagt fram for nasjonalparkstyret 31. mai (jamfør styrevedtak 11/24). Det er inga endring i vurderinga av miljørettsprinsippa i nml. §§ 8-12.

I førre vedtak kom det fram at behovet for vedboda er til stades. Søkjær har lagt ved dokumentasjon på landbruksdrift frå 2023. Beitelaget i Hjortedalen består av seks aktive brukarar som held tilsyn med 189 sauер og 255 lam på beite. Ei vedbod vil gje beitelaget høve til luftig lagring av ved og trygg lagring av brennbart materiale, skilt frå hovudhuset. Området ligg utilgjengeleg og krevjande til, noko som gjer frakt av proviant og utstyr utfordrande. Gode og funksjonelle tilhøve for lagring vil gjere det mogleg å utnytte helikoptertransporten betre, slik at ein kan frakte inn det ein treng for lengre periodar, og slik avgrense bruk av helikopter i nasjonalparken.

Sjølv om behovet for boda var gjort synleg ved førre handsaming av saka (jamfør ST 11/24) gav nasjonalparkstyret avslag basert på innstillinga til forvaltar:

«*Forvaltar kan sjå behovet for bygging av ei bod knytt til hovudhuset i Hjortedalen, men ikke med den storleiken og utforminga som er omsøkt. Forvaltar innstiller på avslag basert på dei ytre måla, og meiner bygget burde vere smalare og ha mindre dimensjonar. Det burde òg ha takutstikk, noko som er tradisjonell byggjeskikk og beskyttar ytterveggar mot fuktksadar.*»

Ettersom søkjær no har redusert breidda på bygget frå 4 meter til 2,7 meter, vil grunnflata bli redusert til 11,88 m². Dette er ein tydeleg reduksjon frå førre søknad, der grunnflata var på 17,6 m². Bygget vil då få ei betre utforming, vere smalare og mindre kvadratisk. Boda skal også få takutstikk. Dette samsvarar med tradisjonell byggjeskikk i området og er i tråd med innspel frå kulturminnemynda hjå Vestland fylkeskommune. Forvaltar innstiller difor at Valestrand beitesforening får løyve til bygging av vedboda i samsvar med ny søknad.

**ST 19/24 Referatsaker
ST 20/24 Delegerte saker**



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2026
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Bjørn og Elisabeth Buer

Saksbehandler Øystein Wallevik

Vår ref. 2021/9202-0 432.3

Dykker ref.

Dato 31.05.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - landingsløyve - Buerbreen - Bjørn Buer

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Bjørn og Elisabeth Buer løyve til bruk av helikopter for persontransport i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med heimel i Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon frå vernevedtak). For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 01.06 – 30.06.2024
- Løyvet gjeld for ein tur med persontransport og landing ved nedre Buerbreen for å få opp brua i området
- Turen skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Ein køyrerekke med dato, flygerute, tidsbruk og føremål med bruken skal leverast til Folgefonna nasjonalparkstyre når turen er gjennomført. Merk med referanse: **2021/9202**
- Løyve og køyrerekke skal følgje med under turen.
- Før flyging skal naturoppsynet ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområda ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette. Søkjar er pliktig til sjølv å skaffe naudsynt løyve frå den aktuelle kommunen og eventuelle grunneigarar.




Søknaden

Bjørn og Elisabeth som driv næringsverksemd med restaurant øvst i Buerdalen søker om å få dispensasjon til persontransport i helikopter i samband med bruva nærmast Buerbreen som dei fekk setje på plass i 2021 med løyve frå Folgefonna nasjonalparkstyre.

Brua blir tatt ned kvar vinter for at den ikkje skal stå ute i meir krevjande vær, og vert satt opp kvart år før snøsmeltinga for å sørge for trygg passasje for besökande i Folgefonna nasjonalpark og i samband med næringsverksemd i området.

I år starta snøsmeltinga uvanleg tidleg etter finvær i mai månad, og elva er såpass stor at det ikkje er trygt å krysse elva for å få satt opp bruva på vanleg vis. Søkjar ber difor om å få frakta ein person inn til andre sida av elva for å få på plass bruva som fort som råd. Dei ber om eitt landingsløyve i perioden 01.06 – 30.06.2024 då flygetilhøva kan endre seg, samt at søkjar arbeider i Nordsjøen ein periode i juni.



Verneforskrift og verneformål

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Frå Forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark står det at «*motorisert persontransport er forbode*».



Søknaden må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) i naturmangfaldlova. Denne seier at nasjonalparkstyret kan gjera unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemnande, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsyn.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vurdering

Ifølgje § 8 i naturmangfaldlova skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggjast til grunn ved vurdering av saka. Generelt medfører motorisert aktivitet ulemper som støy, forureining, forstyrring av dyreliv og tidvis konflikt med friluftslivet. Den omsøkte aktiviteten vil gje auka aktivitet over eit kort tidsrom. Flyging inn til breen med landing vil ikkje føre til varige spor i terrenget og einaste negative verknad vil vere støy når sjølve tiltaket vert gjennomført. Men det er likevel ynskjeleg å unngå fyking i helg eller på heilagdagar, for å unngå konflikt med friluftslivet.

I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av flyging på denne tida av året (databasane er sist sjekka 31.05.2024).

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet.

Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Forvaltar forstår behovet med å få flydd inn nokon på andre sida av elva for å setje istand bruа. Det er i praksis ikkje mogleg å kome seg inn dit på nokon anna måte når elva er så stor som den er no. Mai månad har vore usedvanleg varm, noko som har medført ei stor auke i smeltevatn frå breen. Forhåpentlegvis kan ein ta lærdom av situasjonen dei neste åra og få på plass bruа tidlegare dersom det kjem signal om liknande vær.

Buerdalen er eit svært populært område blant besökande, og det er tenkjeleg at enkelte vil ynskje å krysse elva sjølv ved høg vassføring for å kome endå tettare på breen. Dette ynskjer ein å unngå av tryggleiksomsyn, spesielt no når turistsesongen nærmar seg med stormskritt. Turen for å setje istand bruа vil ikkje påverke verneverdiane nemnande, og



forvaltar vurderer det til at krava for å gje dispensasjon gjennom § 48 i naturmangfaldlova er oppfylt.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med hilsen

Øystein Wallevik
nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
Ullensvang kommune
SNO Rosendal

Njøsavegen 2
Opheimsgt. 31

6863
5750

LEIKANGER
ODDA



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Are Gram Økland
Kvik 96
5414 Stord

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2024/8025-0 432.3

Dykkar ref. MHLQRT

Dato 10.06.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - uttransport av storvilt - Mosdal - Sandvikedal - Hjortedal

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.3 e, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre jaktlaget Mosdal/Lundal/hjortedalen v/ Are Gram Økland løyve til helikoptertransport av felt storvilt i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld utttransport av felt storvilt.
- Løyvet gjeld for inntil to turar t/r med hiv innanfor årleg jakttid på hjort.
- Løyvet er fleirårig og gjeld fra 2024 til og med 2027.
- Løyvet gjeld for området Mosdal, Lundal, Sandvikedalen og Hjortedalen
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, kørerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følge med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan **31.desember kvart år**.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette.



Søknaden

Jaktlaget Mosdal/Lundal/hjortedalen v/ Are Gram Økland søker om fleirårg helikopterløyve for å transportere ut felt storvilt i Folgefonna nasjonalpark:

«...Jaktlaget har totalt løyve på 16 dyr, 12 i Sandvikedalen og 4 i Hjortedalen. Området har ein stor bestand av hjort, i hovudsak i dei øvre delane av terrenget, og særleg tidleg i jakta. Terrenget, som omfattar Mosdal/Lundal/Sandvikedalen og Hjortedalen, er i tillegg stort, veglaust, til dels svært bratt og lite tilgjengeleg. Beste tilgjenge for store delar av terrenget er med båt over Åkrafjorden, og for å sikre størst mogleg uttak av kvota og samstundes ivareta kjøtkvaliteten er me difor dei fleste år avhengige helikoptertransport.

... søker me med dette om løyve til å nytta inntil 2 hiv og inntil 5 lokalitetar per hiv per år. Dei siste åra har me berre nytta me oss av eitt hiv, med oppmøte på Lono. Me prøver alltid å avgrense fykinga ved å så langt det går å samle felte dyr ved Lono, og bære ut det som er mogleg. Samstundes er det å ha fleksibilitet med tanke på val av og tal på lokalitetar avgjerande for å kunne halde oppe uttaket av dyr i terrenget, då det er stor variasjon frå år til år kvar hovudmengda av dyr står. Kjentmann vert om mogleg teken opp på Lono eller ved fjorden for sikre mest mogleg effektiv og skånsam fyking. Transporten går til bomstasjonen ved Åkrafjorden eller Langfoss.»

Lovgrunnlag

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift for vern av Folgefonna nasjonalpark*, Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark og Naturmangfaldlova §§ 8 - 12.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.1 står det at:
«Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter».

Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorisert ferdslle etter § 3 pkt 6.1. Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:
e) *Motorferdsel for uttransport av felt storvilt*

I forvaltningsplanen står det at utstrakt bruk av helikopter til uttransport av felt hjortevilt er i strid med verneføremålet, og ein vil difor føre ein restriktiv praksis i å gje slike løyve. Det må gjerast ei konkret vurdering opp mot mål i bestandsplanar, og om dyra like gjerne kan fellast ein annan stad i valdet, utanfor nasjonalparken.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å nytte helikopter i samband med jakt, der det ikkje er andre alternativ for å transportere ut felt hjort. Jaktterrenget det søkjast om helikoptertransport til er



krevjande og vanskeleg tilgjengeleg. Det er opning i verneforskrifta for at forvatningsstyremsaka kan gje løyve til motorferdsel med dette føremålet.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følge Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikke registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året. Tidsrom for flyging er under jaktida, som er utanom hekke- og yngletid.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Isolert sett vil ikke helikoptertransporten påverke verneverdiane nemneverdig, men då det er gitt fleire løyve til helikoptertransport i verneområdet, vil sum verknadane av desse føre til ei ytterlegare belastning av området. Den samla belastninga i området er likevel vurdert som avgrensa.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Jaktterrenget er relativt stort og ligg utilgjengeleg i krevjande og bratte parti. Helikopter er den forma for motorisert ferdsel som er mest aktuell og mest skånsam for naturen i dei tilfella der det er vanskeleg å transportere felt hjort på annan måte.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å flyging i helger og på heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Løyvet gjeld ikke persontransport. Dersom ein kjentmann skal veilede piloten under flyginga, må dette ikkje føre til auke i tal hiv/landingar inne i verneområdet.

Naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) og §11 (kostnadene ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar) er vurdert, men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrerekordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, seinast 31. desember.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvaltar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

SNO Rosendal

Statsforvaltaren i Vestland

Etne kommune

Njøsavegen 2

Sjoarvegen 2

6863

5590

LEIKANGER

ETNE



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentrabord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Are Gram Økland
Kyvik 96
5414 Stord

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2024/8026-0 432.3

Dykker ref. NNWNCW Dato 24.06.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikoptertransport - vøling av bru - Lundal

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 6.3 f, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Are Gram Økland løyve til bruk av helikopter til transport av materiell til Lundalsbrua i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 3 turar t/r med hiv i perioden 25.06.2024 - 23.12.2024.
- Flyginga skal om mogleg skje samstundes med uttak av felt hjort (Løyve gjeve 10.06.24)
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Piloten skal vise omsyn til rovfuglar og anna dyreliv som kan bli uroa under flyginga
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, kørerute og føremål med turane.
- Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31.desember**. Merk med referanse: 2024/8026

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Etne kommune om dette.



Saksopplysninger


Are Gram Økland søker om bruk av helikopter for å transportere materiell til vedlikehald av bru over mosdalvassdraget ved Lundal:

Hengebrua har teke skade av snø/vind. Dette er ein jobb jaktlaget gjer på vegne av grunneigarane. Det er usikkerheit kring omfanget av arbeidet og dermed også transportbehovet. Me søker difor om intill tre hiv. Det er også vanskeleg å sei når arbeidet skal utførast (veravhengig). Me planlegg for at ein enten fyk me opp materiell før jakta, eller tek hivet i samband med transport av hjort under jakta.

Søkar har tidlegare fått løyve til uttransport av felt hjortevilt (vår ref: 2024/8025).

Forvaltar har sjølv sett at bruha har starta å sige og er i dårlig stand. Bileta under er teke under ei synfaring 7.juni 2024:





Lundalsbrua kryssar Mosneselva over til Lundal (raud pil)



Lovgrunnlag

Søknaden må vurderast etter:

- Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark
- Naturmangfaldlova §§ 8-12.

Etter § 3 1.1. er nasjonalparken verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting og ombygging av bygninger, andre varige eller mellombelte innretningar mv. Reglane i punkt 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) *Vedlikehald av bygninger og andre eksisterande innretningar.*

Bruer og klopper skal vedlikehaldast i samsvar med lokal, tradisjonell byggjeskikk. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utbygging. Her må det sendast eigen søknad om dette til nasjonalparkstyret.

Det er søkt om motorferdsel i samband med vøling av bru. Verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark har eit generelt forbod mot motorferdsel etter § 3 pkt 6.1: «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Det er opning i § 3 punkt 6.3 for at forvalningsstyresmakta kan gje løyve til:

- f) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.*

Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Stien som går inn Mosnesdalen og inn mot Sandvikevatnet kryssar Mosneselva ved Lundalsbrua og er viktig for både grunneigarane, hjortejegerar, elvefiskarar og andre turgåarar. Høve til friluftsliv er eit av verneføremåla til nasjonalparken, og ved å få sikra og vøla bruva vil ein sørge for at folk kjem fram på etablert sti. Verneforskrifta er ikkje til hinder for at ein kan vedlikehalde bygningar og andre eksisterande inntrettingar i nasjonalparken. Ein må derimot søkje om løyve til motorferdsel der dette er naudsynt. Forvaltar kan sjå behovet for å nytte helikopter til transport av materiell til bruva, då området ligg utilgjengeleg med krevjande tilkomst.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året. Det kan vere rovfugl i området, men ein er no forbi den mest sårbar perioden i hekketida. Det er sett vilkår om at piloten viser hensyn til rovfugl og anna dyreliv.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terreng og årstid



er helikopter best eigna.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Det er gjeve løyve til inntil 3 turar med helikopter. Helikoptertransport er kostbart og forvaltar ser ikkje grunn til at søker vil nytte fleire turar enn kva som er naudsynt. Søker har tidlegare fått løyve til bruk av helikopter i samband med uttransport av felt storvilt. Det er lagt opp til at materiale til brua kan fykast inn under same tur. Dette vil bidra til å avgrense tal turar.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltar har vurdert den samla belastninga og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

SNO Rosendal

Statsforvaltaren i Vestland

Etne kommune

Njøsavegen 2

Sjoarvegen 2

6863

5590

LEIKANGER

ETNE



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Bjørn Buer
Buervegen 330
5750 Odda

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2024/9413-0

Dykker ref.

Dato 19.06.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert løyve - Buer landskapsvernområde - helikopter - utskifting av stolper til taubane - vedlikehald - Buerstølen - Bjørn buer

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* § 3 punkt 5.3 b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Bjørn Buer løyve til bruk av helikopter for nyttetransport i Buer landskapsvernområde. For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Løyvet gjeld i tidsrommet 20.06. - 15.10.2024
- Løyvet gjeld for transport av material, proviant og utstyr i samband med vedlikehald av stølshus og liknande
- Løyvet gjeld for inntil 3 turar t/r frå Buer til Buerstølen
- Piloten må vise omsyn til rovfugl og anna dyreliv som kan bli uroa av fykinga
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, køyrerute og føremål med turane.
- Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: **2024/9413**. Send gjerne på e-post til: folgefonna@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Ullensvang kommune om dette.



Søknaden

Bjørn Buer søker om å bruke helikopter for transport av stolper til reperasjon av taubana ved Buerlia og materiel og utstyr til vedlikehald på Buerstølen i Buer landskapsvernområde. Han søker om inntil 3 turar i perioden 1. juni til 15. oktober.



Figur 1. Buerstølen (raud markør) og den eldre taubana som går opp Buerlia.

Lovgrunnlag

Saka gjeld motorferdsel i Buer landskapsvernområde.

Søknaden må vurderast etter:

- Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova §§ 8-12.



Verneforskrifta for Buer landskapsvernområde har eit generelt forbod mot motorisert ferdslle etter § 3 punkt 5.1: «*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

Det er opning i § 3 punkt 5.3 for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus og liknande.

Naturmangfaldlova § 8-12:

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

Vurdering

Ein kan sjå behovet for å transportere inn material og utstyr til vedlikehald av Buerstølen og skifte ut stolpar til den gamle taubana ved Buerlia. Det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Området er bratt og krevjande, noko som gjer bruk av helikopter føremålstenleg. Taubana har vore brukt til å transportere proviant og materiel opp til stølshusa ved Buervatnet. Å vedlikehalde taubana vil vere positivt i høve verneføremålet, då den kan erstatte noko av behovet for helikoptertransport og slik sett redusere motorferdsla i området.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året. Det kan vere rovfugl i området, men ein er no forbi den mest sårbar perioden i hekketida. Det er sett vilkår om at piloten viser hensyn til rovfugl og anna dyreliv.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetadar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Snøskuter på vinterføre eller helikopter er dei to aktuelle transportformene, og begge er skånsame for terrenget. Grunna krevjande terreg og årstid er helikopter best eigna

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagrar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området. Perioden for flyging fell utanfor den mest sårbare tida for rovfugl. Det er gitt løyve til 3 turar med helikopter t/r. Helikoptertransport er kostbart og forvaltar ser ikkje grunn til at søker vil nytte fleire turar enn kva som er naudsynt.



Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltar har vurdert den samla belastninga og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Køyreboka skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31. desember**

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre
- 2 Delegeret løyve - Buer landskapsvernområde - helikopter - utskifting av stolper til taubane - vedlikehald - Buerstølen - Bjørn buer

Kopi til:

SNO Rosendal	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ullensvang kommune			



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Norges geologiske undersøkelser

Saksbehandlar Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2022/10242-7 432.3

Dykkar ref.

Dato 09.07.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Dispensasjon - skredfarekartlegging - motorferdsel - helikopter - Hersenuten og Ridbjørg - Folgefonna nasjonalpark - Norges Geologiske Undersøkelser

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48, første ledd og første alternativ, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) løyve til bruk av helikopter for kartlegging av store fjellskred og ustabile fjellparti i Folgefonna nasjonalpark. For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.08. - 15.09.2024
- Løyvet gjeld for inntil to landingar på Ridbjørg og inntil to landingar på Hersetenuten.
- Det kan monterast 1 stk. GPS-bolt for måling av periodiske bevegelsar ved Ridbjørg (som vist i Figur 2).
- Transporten skal skje utanom helg og heilagdagar
- Før transport skal Statens naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på e-post rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon 907 73 117.
- Det skal førast køyrebok som viser dato, kørerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner.
- Køyreboka skal følge med under transporten.
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember 2021. Merk med referanse: 2022/10242. Send gjerne på e-post til: folgefonna@statsforvalteren.no.

Søknad

NGU søker om løyve i brev datert 29.05.2024 til å lande med helikopter ved dei to fjellpartia Hersetenuten og Ridebjørg i og ved Folgefonna nasjonalpark (Figur 1). Bakgrunnen er at dei driv kartlegging av ustabile fjellparti i delar av Norge for å kunne førebygge skredulukker. Dei



ønskjer samstundes å montere ein GPS-bolt for måling av periodiske bevegelsar i berget.
Dei gjennomførte tilsvarende kartlegging i 2022, med løyve frå nasjonalparkstyret.



Figur 1. NGU vil kartlegge ustabile fjellparti ved Hersetenuten og Ridbjørg.



Figur 2. Døme på korleis montering av GPS-bolt ved Ridbjørg vil sjå ut.

Lovgrunnlag

Saka gjeld motorferdsel i Folgefonna nasjonalpark.

Søknaden må vurderast etter:

- Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark
- Naturmangfaldlova §§ 8-12.

I Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 6.1 står det at:
«*Motorferdsel er forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*».

I forvaltningsplanen for Folgefonna nasjonalpark er det lista opp nokre retningsliner for forsking og undervisning:

- *Forsking og undervising som vert lagt til verneområda skal ta omsyn til verneføremålet.*
- *Forskningsprosjekt som krev dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova skal utførast av instans med relevant forskingskompetanse.*
- *Forskningsprosjekt som vil medføre motorferdsel eller inngrep vert generelt frårådd, men må vurderast i kvart enkelt tilfelle.*
- *Forsknings- og undervisningsopplegg som like gjerne kan gjennomførast utanfor verneområda, bør visast dit.*



Saka må vurderast etter naturmangfaldova § 48 (dispensasjon frå vernevedtak) som seier at: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

I dette tilfellet vil ikkje kartlegginga ha stor verknad på verneføremåla eller føre til ein vesentleg negativ påverknad av verneverdiene.

Vurdering

Forvaltar meiner at NGU si kartlegging ikkje strider mot verneføremålet til Folgefonna nasjonalpark og ikkje vil påverke verneverdiene nemnande. Vilkåra i naturmangfaldlova § 48, første ledd og første alternativ er difor oppfylt. Når det gjeld montering av GPS-bolten, er dette eit mindre fysisk inngrep i berget, som vil vere nær usynleg. Det er i tillegg lagt vekt på at undersøkinga er del av eit nasjonalt prosjekt som har ein vesentleg samfunnsnytte i høve til tryggleik.

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av helikopter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året. I høve til uregistrerte lokalitetar som spesielt gjeld rovfugl, er dette i august/september og utanom hekketid.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette type motorferdsel som er mest skånsam for naturen. Kartlegginga legg opp til bruk av helikopter for å sørge for mest mogleg effektiv og skånsam kartlegging. Helikopter mest føremålstengt då dei ustabile fjellpartia er krevjande å nå til fots.

Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulempar som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre i helg og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belastinga i området og vurderer den som avgrensa.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing



Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Køyrebok - Folgefonna nasjonalparkstyre

Kopi til:

SNO Rosendal
Ullensvang kommune
Statsforvaltaren i Vestland

Opheims gt. 31
Njøsavegen 2
5750 6863
ODDA
LEIKANGER



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Folgefonsenteret
Skålafjæra 17
5470 Rosendal

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5557 2015
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/folgefonna>

Karl ingve Eide

Saksbehandler Lars Mikkjel Hus Kråkenes

Vår ref. 2023/7274-8 432.3

Dykker ref.

Dato 02.07.2024

Delegert vedtak

Delegasjonssak

Delegert løyve - batteribytte ved basestasjon - Blåhatten, Gråsåta og Volarusta - Folgefonna nasjonalpark - Vestland bjøllelag AS

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Vestland bjøllelag v/ Karl Ingve Eide får løyve til batteribytte og oppdatering av basestasjonane ved Blåhatten, Gråsåta og Volerusta i Folgefonna nasjonalpark. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta til Folgefonna nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ. For løyvet gjeld følgjande vilkår:


- Vestland bjøllelag fekk den 5. mai 2024 løyve til ein enkelt tur med helikopter for oppsetjing av basestasjon ved Takliskardet. Batteribytte av dei tre basestasjonane skal gjennomførast på same løyve/tur. Sjå tidlegare løyvet for utfyllande vilkår.
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Piloten må vise omsyn til friluftsliv, samt rovfugl og anna dyreliv under flyginga.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Rune Mikkelsen varslast, anten på epost rune.mikkelsen@miljodir.no eller på telefon **907 73 117**
- Søkjar fører køyrerebok som viser dato, kørerute og føremål med turane før kvar enkelt tur
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre innan 31. desember. Merk med referanse: 2023/7274. Send gjerne på e-post til: sfvlpost@statsforvalteren.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.



Søknaden

Vestland bjøllelag fekk i 2023 helikopterløyve til oppsetjing av basestasjonar til bruk av elektronisk bjøllesystem i Folgefonna nasjonalpark. Dei fekk i tillegg seinare den 5. mai 2024 løyve til oppsetjing av ein ekstra basestasjon ved Takliskaret i Folgefonna nasjonalpark. Dei søker no om å gjennomføre bytte av batteri og nødvendig oppdatering av basestasjonane ved Blåhatten, Gråsåta og Volerusta, og vil gjennomføre dette på same løyve/tur. Dei har planlagt flyging den 10. juli 2024.



Figur 1. Plasseringa av basestasjonane ved Blåhatten, Gråsåta og Volerusta.

Verneforskrift og verneformål

Jamfør verneforskrifta § 2: Føremålet med Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til høgareliggende område med fjell og bre. Dette inneberer:

- å ta vare på verdfull vassdragsnatur
- å sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar
- å sikre viktige geologiske førekommstar
- å sikre verdfulle kulturminne

Området er i utgangspunktet verna mot alle inngrep og utplassering av basestasjonar er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Forvaltinga kan i særskilte høve vurdere om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48:



«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.».

Denne søknaden må vurderast etter naturmangfaldslova § 48 første ledd og første alternativ.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Vi har tidlegare vurdert tilhøva etter verneforskrift og naturmangfaldslova, då vi gav løyve til å installere dei omsøkte basestasjonane 27. juni 2023 og seinare til oppsetjing av ein ekstra basestasjon ved Takliskardet 10. mai 2024. Det er få endringar i denne vurderinga:

Ein kan sjå behovet for utskifting av batteri og oppdatering av dei tre basestasjonane i Folgefonna nasjonalpark. Det er positivt at dette kan utførast på same helikopterløyve som tidlegare gjeve. Dette vil vere auka flygetid, men tal turar vil vere det same. Den samla belastning er framleis vurdert som avgrensa (jf. nml. § 10).

Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg (jf. nml § 8). I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (sist sjekka 02.07.2024). Basestasjonane ligg i eit fjellområde som i stor grad består av grunnfjell med lite vegetasjon. Landing med helikopter vil ha liten verknad på naturmiljøet. Motorferdsel i naturen førar likevel til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er sett vilkår om at piloten viser omsyn til friluftsliv og fugle- og dyreliv under flyginga.

Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Lars Mikkjel Hus Kråkenes
Nasjonalparkforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

SNO Rosendal
Statsforvaltaren i Vestland
Kvinnherad kommune

Njøsavegen 2
Rosendalsvegen 10
6863
5470
LEIKANGER
ROSENDAL

